Fyresdal

TONE AUSTJORD

SKIPPERGATA 15
3870 FYRESDAL

Vår ref.	Dykkar ref.	Saksbehandlar	Dato
2025/289-3		Halvor Homme	06.05.2026

Folkestadbyen og Øyskogen - brannvarsling - Svar

Til bebuarar i Folkestadbyen, og andre.
v/ underskriftskampanjen

Takk for brevet og for engasjementet de viser for Folkestadbyen. Vi har stor forståing for at brannsikkerheit er eit tema som opptek dykk som bur i området, og særleg med tanke på den tette og særprega bygningsstrukturen, den kulturhistoriske verdien og det at mange bur eller oppheld seg i husa.

Fyresdal kommune er kjend med tilbodet frå Vest-Telemark Museum om mogleg tilknyting av Folkestadbyen til eit brannvarslingsanlegg knytt til Øyskogen. Kommunen har vurdert dette tidlegare, men har kome fram til at det på noverande tidspunkt ikkje er aktuelt for kommunen å gå inn i ei slik ordning.

Bakgrunnen for dette er mellom anna knytt til kostnader ved drift og ettersyn, og til at kommunen er usikker på om dette er det rette systemet eller det mest tenlege tiltaket for å styrke brannsikkerheita i Folkestadbyen. Det finst mange område og bygningar der det kunne vore ønskjeleg med betre varslingsløysingar, og kommunen må gjere samla vurderingar av kva tiltak ein kan gå inn i og prioritere.

Dette betyr ikkje at kommunen avviser at liknande løysingar kan vere aktuelle å sjå nærare på på eit seinare tidspunkt. Per no er likevel vurderinga at Fyresdal kommune ikkje kan bli ein del av denne konkrete ordninga.

Vi beklagar at vi ikkje kan imøtekome ønsket dykkar no, men vil samstundes understreke at vi set pris på initiativet og engasjementet. Brannsikkerheit i Folkestadbyen er eit viktig tema, og kommunen vil framleis ha merksemd på førebyggjande arbeid og dialog om tryggleik i området.

Med helsing

Med venleg helsing

Halvor Homme
kommunalsjef plan og teknikk

Dokumentet er sendt elektronisk og har derfor ikkje underskrift